



Arkivnr: 2015/5869-16

Saksbehandlar: Even Vaular

Saksframlegg

Saksgang

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland

20.02.2018

Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement. Tildelingar for januar 2018.

Samandrag

Det er sett av 600.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2018. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2018 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. Innan fristen 1. januar kom det inn 11 søknader, med ein søknadssum på totalt 417.000 kr.

Økonomi: Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet.

Klima: Trafikkunnskap og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til.

Folkehelse: Same føresetnader (som nemnt ovanfor) er viktig for at barn og unge skal ferdast til fots eller på sykkel til og frå skule og fritidsaktivitetar.

Regional planstrategi: Satsing på trafikkunnskap og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. januar 2018 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

	Søkjar	Søknadssum	Tilskot
a	Askøy kommune	35 000	27 000
b	Bømlo kommune	30 000	30 000
c	Bømlo vidaregåande skule	42 000	32 000
d	FAU Alversund skole	15 000	6 000
e	KnarvikMila (UngdomsMila)	50 000	40 000
f	Kvinnherad kommune, Undarheim skule	30 000	15 000
g	Odda vidaregåande skule	5 000	5 000
h	Samnanger kommune	10 000	10 000
i	Stord kommune	30 000	30 000
j	Stord vidaregåande skule	70 000	50 000
k	TSU Nordhordland	100 000	75 000
	Totalt	417 000	320 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Søknader til lokale ts arr. januar 2018

Fylkesrådmannen, 06.02.2018

Bakgrunn

Det er sett av 600.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2018. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2018 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. Innan fristen 1. januar kom det inn 11 søknader, med ein søknadssum på totalt 417.000 kr.

Det har over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse. Samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og at trafikksikring står sentralt. I 2018 er det og kome nokre nye søknader, og det kan difor synast som om ordninga er meir kjend. Annonse om tilskotsordninga gjekk ut til 15 lokalaviser i desember 2017.

Ei oversikt over tildelte tilskotsmidlar gjennom denne ordninga viser følgjande:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Søknader	11	16	15	18	18	20	27

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist tre gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsramme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.
- Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjerast.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreiningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane kan ikkje dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Oversikt over søknadane av 1. januar 2018

	Namn på tiltak	Søknads- sum	Total- kostnad	Søkjjar	Krav om eigen- del
a	Reflekskampanje	35 000	50 000	Askøy kommune	X
b	Alle barn sykler	30 000	30 000	Bømlo kommune	
c	Trafikksikringsdag	42 000	52 500	Bømlo vidaregåande skule	X
d	Gå/sykle til skulen	15 000	15 000	FAU Alversund skole	
e	Trafikksikringskurs	50 000	501 000	KnarvikMila (UngdomsMila)	X
f	Trafikktryggleik for aktive elevar	30 000	30 000	Kvinnherad kommune, Undarheim skule	
g	Trafikksikringsdag	5 000	10 000	Odda vidaregåande skule	
h	Alle barn sykler	10 000	10 000	Samnanger kommune	
i	Alle barn sykler	30 000	30 000	Stord kommune	
j	Trafikksikringsdag, T 15-24	70 000	180 000	Stord vidaregåande skule	X
k	Trafikksikringsdag	100 000	220 000	TSU Nordhordland	X

Totalt	417 000	1 128 500		
---------------	----------------	------------------	--	--

Om søknadane til lokale trafikksikringsarrangement

Søknadane som kom inn til første tildeling frå tilskotsordninga i 2018, kjem frå alle delar av fylket, gjeld både store og små arrangement, og rettar seg i hovudsak mot barn og unge. Talet på søkjarar held seg relativt høgt, men ligg noko under januartildelinga i 2017 (11 i år mot 13 i fjor).

Tilskotet det vert søkt om varierer mellom 5.000 kr og 100.000 kr. Tre kommunar (b, h, i) har søkt om støtte til gjennomføring av «Alle barn sykler» ved seks barneskular. «Alle barn sykler» er eit opplegg for sykkel- og trafikkopplæring i regi av Norges Cykleforbund. I tillegg er det søkt om støtte til aktivitetar ved barneskular i Kvinnherad (Undarheim skule) og Lindås (Alversund skule). Fem søknader er retta mot elevar ved vidaregåande skule (c, e, g, j og k), og ein av desse – Ungdomsmila – har også ungdomsskuleelevar som målgruppe. Askøy kommune søkjer støtte til ein reflekskampanje, som har alle aldersgrupper som målgruppe. Fleire av arrangementa er tverrfaglege, og involverer særleg blålysetatane; politi, ambulanse og brann/redning.

a. Askøy kommune

Askøy kommune søkjer om tilskot på 35 000 kr til reflekskampanjen 2018. Totalkostnaden for arrangementet

er 50 000 kr. Midlane skal gå til innkjøp av refleksar. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 27 000 kr.

b. Bømlo kommune

Bømlo kommune søkjer om 30 000 kr til «Alle barn sykler» for elevar på 5. trinn, samt heile Espevær skule. Totalkostnaden er 30 000 kr. Dette er eit tiltak for å få flest mogleg auka mestring til å nytte sykkel i kvardagen, og er kopla til Bergen 2017 sitt «Alle barn sykler». Bømlo kommune vart godkjent som Trafikksikker kommune i november 2017. Søkjaren vart tildelt 26 000 i 2017. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

c. Bømlo vidaregåande skule

Bømlo vidaregåande skule søkjer om 42 000 kr til å arrangere ein trafikksikringsdag for sine avgangselevar (Vg3). Arrangementet er tverrfagleg der skulen saman med Sunnhordland trafikkopplæring, NAF, Statens vegvesen, Politiet, ambulansen og Røde kors samarbeider. Tilskotsmidlane skal gå til foredragshaldarar, planlegging, servering og materiell. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 32 000 kr.

d. FAU Alversund skole

FAU Alversund skole søkjer om tilskot på 15 000 kr til gå-/sykkelaksjon. Totalkostnaden for arrangementet er 15 000 kr. Dette er eit tiltak for å få flest mogleg til å gå/sykle til skulen i mai/juni 2018. Skulen har omlag 370 elevar. Tilskotsmidlane skal utelukkande gå til premierung. Søkjaren vart både i 2015 og 2016 tildelt 5 000 kr til same arrangement, medan søkjaren i 2017 fekk 8 000 kr i tilskot. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 6 000 kr.

e. KnarvikMila v/ Ungdomsløpet

Knarvikmila søkjer om 50.000 kr i støtte til å arrangere UngdomsMila 2018. Arrangementet er tverrfagleg, og Politiet, ambulansetenesta, brannvesen og Trygg Trafikk deltek gjennom eit sams trafikksikringskurs. Søkjaren har fått tildelt midlar til UngdomsMila i mange år, og i 2017 vart UngdomsMila tildelt 50.000 kr frå FTU. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

f. Kvinnherad kommune, Undarheim skule

Undarheim skule i Kvinnherad kommune ved rektor søkjer om 30 000 kr i tilskot til trafikksikringsdagar skuleåret 2017/2018. Søkjar legg opp til at Politiet deltek. Skulen har over fleire år hatt elevar som er trafikkvakter. Skulen har ei trafikkert nærområde. Det går fram at tilskotet skal brukast til å få inn eksterne fagpersonar, til innkjøp av undervisningsmateriale frå Trygg Trafikk og til innkjøp til sykkeldag og fagdag. Søkjaren fekk i 2017 eit tilskot på 15 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 15 000 kr også for januar 2018.

g. Odda vgs

Odda vidaregåande skule søkjer om tilskot på 5 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 10 000 kr. Dette er eit tverrfagleg trafikksikringsarrangement for elevane ved 1. trinn i den vidaregåande skulen. Skulen har totalt 300 elevar. Søkjaren vart i 2015 og 2017 tildelt 5 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 5 000 kr.

h. Samnanger kommune

Samnanger kommune søkjer om 10 000 kr til «Alle barn sykklar» for elevar på 6. trinn. Totalkostnaden er 10 000 kr. Dette er eit tiltak for å gi flest mogleg auka mestring til å nytte sykkel i kvardagen. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

i. Stord kommune

Stord kommune søkjer om 30 000 kr til «Alle barn sykklar» for elevar på 5. trinn. Totalkostnaden er 30 000 kr. Dette er eit tiltak for å gi flest mogleg auka mestring til å nytte sykkel i kvardagen. Stord kommune har status som sykkelby. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

j. Stord vidaregåande skule

Stord vidaregåande skule søkjer om tilskot på 70 000 kr til ein trafikksikringsdag. Totalkostnaden for arrangementet er 180 000 kr. Dette er eit lokalt, tverrfagleg trafikksikringsarrangement for 850 elevar. Tilskotsmidlane skal gå til foredrag, lys, transport og materiell. Søkjaren har fått tilskot tidlegare til same arrangement tidlegare år. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

k. Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)

TSU Nordhordland søkjer om tilskot på 100 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 220 000 kr. Dette er eit årleg, tverrfagleg trafikksikringsarrangement for avgangselevane i vidaregåande og folkehøgskulane i Nordhordlandsregionen. Omlag 600 elevar deltek. Søkjaren vart i 2015 tildelt 58 000 kr, og i 2016 og 2017 var dei tildelt 75 000 kr til same arrangement. Årets arrangement er tilsvarende tidlegare år. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 75 000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Det er sett ein totalramme på 600.000 kr. til tilskotsordninga for 2018, som skal fordelast ut over tre årlege tildelingar. Denne fordelinga er ikkje fastsett i kroner og øre. Ut frå erfaring er det ved søknadsfristen i januar og i mai at dei fleste søknadane kjem. I vurderingane av søknadane er det difor også tatt høgde for at det skal vera midlar att til dei som søkjer støtte 1. mai og 1. november.

I vurderingane er det lagt vekt på trafikkfagleg kvalitet, kor sentralt haldningsskapande trafikksikringsarbeid står i arrangementa og kva ei tildeling er tenkt nytta til. Når FTU gir ei tildeling gjennom tilskotsordninga, er det ønskeleg at denne bidrar til å sikra høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Retningslinene er tydelege på at eit tilskot ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring.

Vidare vurderer fylkesrådmannen det også slik at det er grunnlag for å vere noko tilbakehalden med at mindre arrangement skal få store midlar til premiering og større innkjøp av materiell. Etter fylkesrådmannen sitt syn må også talet på deltakarar sjåast i samanheng med storleiken på tilskotssummen. I fylkesrådmannen si vurdering har ein i særleg grad sett same type arrangement under eitt. Eit eksempel på dette er dei ulike trafikksikringsdagane for den vidaregåande skulen.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen har i si handsaming av søknadane av 1. januar 2018 vurdert kvar søknad for seg, men har også sett tilsvarende arrangement i samanheng.

Fylkesrådmannen rår til at alle 11 søkjarar vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 320 000 kr.